



LERØY VEST AS
og SJØTROLL HAVBRUK AS

Skipavika 54
5397 Bekkjarvik

Sakshandsamar:

Gunn Helen Henne, 57 64 31 40
fmsfghe@statsforvalteren.no

Rapport frå tilsyn med Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS Kontrollnummer 2022.219.I.SFVL og 2022.220.I.SFVL

Deltakarar

Frå verksemda:

Sigfrid Tangen, Anette Midttveit,
Kenneth Samland, Alexander Johnsen,
Nils Arve Eidsheim

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Gunn Helen Henne, Julie Marie Andersen,
Katrin Reiss (observatør)

Resultat

Denne rapporten gjeld resultatet frå tilsyn med alle Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS sine 41 akvakulturanlegg i sjø i Vestland den 27. og 28.09.2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekket 1 avvik og ga 3 merknader under inspeksjonen:

- Avvik 1: Verksemda har brote vilkår og fristar som gjeld miljøovervaking
- Merknad 1: Måling av kopar og sink i C-undersøkingar
- Merknad 2: Lokalitetar med eldre løyve - miljøgranskingar som ikkje er gjennomført eller ikkje rapportert til Altinn og Vannmiljø
- Merknad 3: Innrapportering av straummålingar til Altinn

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 6 og utover i rapporten.
Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 5.

Julie Marie Andersen
seniorrådgjevar

Gunn Helen Henne
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

- Alver kommune
- Askøy kommune
- Austevoll kommune
- Bjørnafjorden kommune
- Fitjar kommune
- Kvinnherad kommune
- Osterøy kommune
- Samnanger kommune
- Sveio kommune
- Tysnes kommune
- Vaksdal kommune
- Øygarden kommune

1. Informasjon om dei kontrollerte verksemdene

Ansvarlege einingar

Namn: LERØY VEST AS (LV, Lerøy)	Organisasjonsnr.: 886813082
Namn: SJØTROLL HAVBRUK AS (SH, Sjøtroll)	Organisasjonsnr.: 929363833
Bransjenr. (NACE-kode): 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

Kontrollerte einingar

Anleggsaktivitet: Laksefiskproduksjon i sjø	Fylke: Vestland
--	------------------------

Anleggsnr. (intern referanse)	Lokalitetsnr. og -namn (Akvakulturregisteret)	Storleik (tonn MTB)	Kommune	Løyvedato /sist endra
4630.0043.01 (SH) 4630.0043.02 (LV)	13563 ANGELSKÅR	4680	Osterøy	29.01.2020
4630.0039.01 (SH)	12156 BLOM	3120	Osterøy	25.01.2007
4631.0202.03 (LV)	13209 BOGNØY	1560	Alver	07.10.2019
4626.0242.01 (SH)	31038 BUARØY	4680	Øygarden	29.04.2010
4625.0026.01 (SH)	11543 BUHOLMEN	5460	Austevoll	17.07.2014
4616.0031.01(LV)	14799 DJUPESTALLEN	3120	Tysnes	18.08.2020
4616.0041.01 (LV)	26595 DJUPEVIKA	5460	Tysnes	16.05.2013
4617.0102.01 (SH)	20455 DJUPEVIKA	3900	Kvinnherad	16.09.2011
4625.0064.01 (LV)	25835 FLATØYFLU	3120	Austevoll	31.10.2014
4625.0046.02 (SH)	13036 GJENGANE	2340	Austevoll	05.03.2020
4631.0196.04 (LV)	11690 GRASHOLMEN	3120	Alver	07.10.2019
4612.0021.01 (SH)	11559 GRIMSHOLMEN	3120	Sveio	09.02.2007
4624.0050.02 (LV)	24735 GULHOLMEN	3120	Bjørnafjorden	18.09.2006
4616.0032.02 (LV) 4616.0032.03 (SH)	18015 HESTABYNESET	3120	Tysnes	05.05.2014
4626.0091.01 (LV)	28976 KELVESTEINEN	3120	Øygarden	18.06.2020
4616.0038.01 (LV)	24975 KVERNAVIKA	3900	Tysnes	16.05.2013
4625.0054.01 (LV)	20595 KYRHOLMEN S	3120	Austevoll	30.03.2015
4615.0039.01 (SH)	21915 MATLØYSO	2780	Fitjar	19.10.2020
4616.0026.01 (LV)	13541 MIDTFLUA	3120	Tysnes	18.06.2020
4625.0037.01 (LV)	11611 NAVEIDE	3120	Austevoll	19.02.2020
4631.0061.03 (LV)	11687 RAMSVIK	2500	Alver	07.10.2019
4627.0072.01 (LV)	11651 RAMSØY S	3120	Askøy	23.03.2007
4612.0028.01 (SH)	13867 RAUNEVÅGEN	3120	Sveio	21.06.2006
4626.0225.01 (LV)	29276 RONGØY	4680	Øygarden	19.08.2011
4623.0013.01 (LV)	32137 SAGEN 2	780	Samnanger	01.04.2011
4628.0021.02 (LV) 4628.0021.03 (SH)	28416 SANDVIK	1170	Vaksdal	01.10.2019

Anleggsnr. (intern referanse)	Lokalitetsnr. og -namn (Akvakulturregisteret)	Storleik (tonn MTB)	Kommune	Løyvedato /sist endra
4626.0223.01 (LV)	11758 SAUØY	3120	Øygarden	05.06.2018
4630.0051.01 (SH)	18898 SKAFTÅ	3120	Osterøy	18.05.2022
4626.0212.01 (SH)	20115 SKJERHOLMEN N	3120	Øygarden	18.03.2020
4624.0086.01 (SH)	25896 SKORPO	3880	Bjørnafjorden	25.05.2012
4624.0086.02 (LV)				
4617.0076.01 (SH)	12108 SKORPO NV	5460	Kvinnherad	14.03.2014
4631.0192.03 (LV)	11649 STOLANE	3120	Alver	07.10.2019
4615.0022.01 (SH)	11492 STOREVIKHOLMEN	2340	Fitjar	12.03.2018
4627.0129.01 (LV)	20776 STOROKSEN	3120	Askøy	11.07.2008
4631.0067.01 (SH)	13566 STORSKREBUKTI	1560	Alver	12.06.2015
4612.0041.02 (SH)	26235 STUALAND	3120	Sveio	23.03.2010
4630.0044.01 (SH)	13644 TEPSTAD	5460	Osterøy	10.05.2022
4625.0015.01 (SH)	10054 TOBBEHOLMANE	3120	Austevoll	16.10.2007
4625.0015.02 /LV)				
4625.0071.01 (LV)	29336 TRÆLSØYOSEN	3120	Austevoll	09.01.2008
4617.0069.01 (SH)	12077 TVEITNESVIK	1560	Kvinnherad	22.11.2007
4615.0019.01 (SH)	10298 ÅLFORO	2700	Fitjar	05.12.2013

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren sin aksjon for akvakulturanlegg i sjø i 2022.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Koparutslepp frå akvakulturanlegg

Oppdrettsnæringa har i lang tid nytta koparhaldig notimpregnering for å minske groe på nøtene. Denne impregneringa fell av nøtene og samlar seg i sedimentet under anlegga. De kan lese meir om miljøeffektar av koparutslepp i oppdrettsnæringa i Havforskningsinstituttet sin risikorapport for norsk oppdrettsnæring¹.

Statsforvaltaren i Vestland har fått tal frå notvaskeria i fylket som klårt syner både at forbruket av koparbasert notimpregnering har blitt kraftig redusert dei siste åra, og at det er auka bruk av produkt som har lågare innhald av kopar eller er utan kopar.

Gjennomføring og rapportering av miljøgranskingar

Miljøovervakinga ved akvakulturanlegga har hatt størst merksemd på effektane av utslepp av organisk materiale. Det har blitt målt kopar som del av C-granskingane, men det var først etter revisjonen av NS 9410:2016 at målingane på C1-stasjonen skulle gjerast i ein definert avstand frå merdkant.

¹ <https://www.hi.no/hi/nyheter/2021/februar/hoyt-kobberforbruk-i-oppdrettsneringen>

Statsforvaltaren i Vestland har i fleire år sett som krav i utsleppsløyva at dersom det blir nytta koparimpregnerte nøter skal det gjerast måling av kopar langs merdkant. I 2018 vart det sendt ut brev med purring på manglande rapportering av slike kopargranskningar til oppdrettarane i Hordaland. Det vart også gitt generell informasjon om aukande koparforureining ved oppdrettsanlegga i brev frå 2018 til oppdrettarane i Hordaland.

I 2018 vart det sendt ut påminning til oppdrettarane i Hordaland om å gjere C-granskningar etter frekvensen i NS 9410:2016. Oppdrettarane i Sogn og Fjordane hadde allereie som vilkår i løyva å følgje den gjeldande standarden for miljøgranskning.

Det er også sendt eit brev med presiseringar som gjeld miljøgranskningar og rapportering av desse til alle oppdrettarane frå oss no i haust (dato 03.10.2022).

Inspeksjonstema

- Utsleppsløyvet, vilkår om utslepp og miljøovervaking
- Internkontroll

Statsforvaltaren har samla alle tilgjengelege overvakingsdata og -rapportar for matfiskanlegga i fylket, og sjekkar i denne tilsynsaksjonen om rapportar og rapportdata er blitt lagt inn i databasane Altinn og Vannmiljø.

Gjennomføring av miljøgranskningar i samsvar med fristar i løyva etter forureiningslova er også tema for aksjonen.

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

- **Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.
- **Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.
- **Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS innan **6. januar 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 20. september 2022. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av vår ressursbruk må Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS betale eit samla gebyr på kr 105 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 4 for flerdagstilsyn. Vi deler opp beløpet med 50 % til kvar av verksemdene, som avtalt på tilsynet. Miljødirektoratet vil sende dykk faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova). Inspeksjonsrapportar blir også tilgjengelege på Miljødirektoratet sin database Norske utslipp på www.norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har brote vilkår og fristar som gjeld miljøovervaking

Avvik frå

- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Bognøy** frå 2010 m/endring 2019, vilkår 12.6 og 2.6
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Buarøy** frå 2010, vilkår 7 og 8.1
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Buholmen** frå 2014, vilkår 4.3 og 2.3
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Djupestallen** frå 2020, vilkår 12.4 og 2.7
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Djupevika (Kvinnherad)** frå 2011, vilkår 4 og 2.4
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Djupevika (Tysnes)** frå 2013, vilkår 4 og 2.4

- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Flatøyflu** frå 2014, vilkår 4.3 og 2.3
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Grasholmen** frå 2006 m/ending 2019, vilkår 12.6 og 2.6
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Hestabyneset** frå 2014, vilkår 3.4, 4.3 og 2.3
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Kelvesteinen** frå 2009 m/ending 2020, vilkår 12.6 og 2.7
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Kvernavika** frå 2013, vilkår 4 og 2.4
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Kyrholmen** frå 2015, vilkår 4.3 og 2.3
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Midtflua** frå 2008 m/ending 2020, vilkår 12.6 og 2.7
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Naveide** frå 2007 m/ending 2020, vilkår 12.6 og 2.7
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Ramsvik** frå 2010 m/ending 2019, vilkår 12.6 og 2.6
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Sandvik** frå 2006 m/ending 2019, vilkår 12.6 og 2.6
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Sauøy** frå 2018, vilkår 13 og 2.6
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Skaftå** frå 2022, vilkår 12.8 og 2.7
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Skorpo** frå 2012, vilkår 4 og 2.4
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Skorpo NV** frå 2014, vilkår 4.3 og 2.3
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Stolane** frå 2007 m/ending 2019, vilkår 12.6 og 2.6
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Storevikholmen** frå 2018, vilkår 13 og 2.6
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Storskrebukti** frå 2015, vilkår 4.3 og 2.3
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Stualand** frå 2010, vilkår 4 og 2.4
- Utsleppsløyvet for lokaliteten **Tepstad** frå 2022, vilkår 12.8 og 2.7
- Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd nr. 6 og 7

Om regelverket

I vilkåra til utsleppsløyva er det ei rekkje krav som gjeld miljøovervaking. Den nøyaktige ordlyden i vilkåra kan variere ut frå kor gammalt det enkelte løyvet er, sidan formuleringane i standardvilkåra i løyva har endra seg litt over tid. I tillegg gjeld presiseringane i brev frå oss i 2018 og 2022 til alle oppdrettarane i fylket.

Innhaldsmessig er krava relativt like:

- Verksemda skal ha kunnskap om miljøtilstanden i området som dei har utslepp til, og overvake miljøeffektane av sin aktivitet. Det er spesifisert eit visst minimumsromfang for miljøovervakinga.
- Resultat av miljøovervakinga skal rapporterast inn til Statsforvaltaren. Dei aller eldste løyva har ikkje omtalt eller har vore lite konkrete om rapporteringsmåten, medan nyare løyve krev at rapportar skal sendast inn via Altinn, og at alle relevante rådata skal sendast inn til databasen Vannmiljø.

Internkontrollforskrifta set m.a. krav om at de skal:

- *«iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og forebygge overtredelser av krav fastsatt i eller i medhold av helse-, miljø- og sikkerhets- lovgivningen»* (§ 5, 2. ledd punkt 7)
- *«kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene»* (§ 5, 2. ledd punkt 6)

Dokumentasjonen for dette skal ha nødvendig omfang og vere skriftleg.

Utsleppsløyva for alle akvakulturlokalitetane set vilkår om internkontroll/eigenkontroll som skal hindre skade eller ulempe for miljøet. Den nøyaktige ordlyden i vilkåra kan variere ut frå kor gammalt det enkelte løyvet er, sidan formuleringane i standardvilkåra i løyva har endra seg litt over tid. I dei nyare utsleppsløyva for Lerøy og Sjøtroll sine lokalitetar i Vestland seier vilkåret om internkontroll m.a. at verksemda pliktar å etablere internkontroll for drifta si, at denne skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet og relevant miljøregelverk, og at den skal vere oppdatert. Verksemda pliktar vidare å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. I dette ligg også å vurdere om det er behov for andre miljøgranskingar ut over minimumskrava, og gjennomføre desse.

Internkontrollen må ha system som fangar opp, rettar og førebyggjer avvik. Dette skal også omfatte miljøovervakinga på lokalitetane: at alle miljøgranskingar blir gjort til rett tid og på rett måte, og vert innrapportert til rett tid og på rett måte. Eventuelle ønskje om å fråvike standard miljøovervakingismetodikk og/eller -frekvensar og fristar som løyva har sett vilkår om, må vere skriftleg avklart med Statsforvaltaren som unntak frå/ending av løyvet.

Våre observasjonar og kommentarar til krava i utsleppsløyva

- Følgjande **miljøgranskingar er ikkje gjennomført**, eller ikkje gjennomført og rapportert innan fristar som er sett i løyva:

Djupestallen	Koparmålingar langs merdkant er ikkje gjennomført (eller ikkje rapportert inn) for lok. Djupestallen . I løyvet frå 2020 var det i vilkår 12.4 sett krav om prøvetaking langs merdkant for kopar i sedimentet ved neste B-gransking på maksimal belastning.
Gjengane	Koparmålingar langs merdkant er ikkje gjennomført (eller ikkje rapportert inn) for lok. Gjengane . I løyvet frå 2020 var det i vilkår 12.4 sett krav om prøvetaking langs merdkant for kopar i sedimentet ved neste B-gransking på maksimal belastning.
Hestabyneset	Koparmålingar langs merdkant er ikkje gjennomført (eller ikkje rapportert inn) for lok. Hestabyneset . I løyvet frå 2014 er det i vilkår 3.4 sett krav om prøvetaking for eventuell opphoping av kopar og sink i sedimentet. Manglande prøvetaking/innrapportering vart purra i brev frå Fylkesmannen i Hordaland i 2018.
Kyrholmen S	Koparmålingar langs merdkant er ikkje gjennomført (eller ikkje rapportert inn) for lok. Kyrholmen S . I løyvet frå 2015 er det i vilkår 3.4 sett krav om prøvetaking for eventuell opphoping av kopar og sink i sedimentet. Manglande prøvetaking/innrapportering vart purra i brev frå Fylkesmannen i Hordaland i 2018.
Storevikholmen	Koparmålingar langs merdkant er ikkje gjennomført (eller ikkje rapportert inn) for lok. Storevikholmen . I løyvet frå 2018 er det i vilkår 3.4 sett krav om prøvetaking for eventuell opphoping av

	kopar og sink i sedimentet ved neste B-gransking på maksimal belastning.
--	--

- **Rapportar** frå følgjande miljøgranskingar var ikkje innrapporterte til **Altinn** i samsvar med krav i løyve og andre føringar frå Statsforvaltaren på tidspunktet for tilsynet:

Angelskår	Koparmålingar langs merdkant på lok. Angelskår frå 2018
Buarøy	C-undersøking på lok. Buarøy frå 2014
Buholmen	Koparmålingar langs merdkant på lok. Buholmen frå 2018
Bognøy	Koparmålingar langs merdkant på lok. Bognøy frå 2018
Flatøyflu	Koparmålingar langs merdkant på Flatøyflu frå 2018
Grasholmen	Koparmålingar langs merdkant på lok. Grasholmen frå 2018
Kelvesteinen	Koparmålingar langs merdkant på lok. Kelvesteinen frå 2020
Midtflua	Koparmålingar langs merdkant på lok. Midtflua frå 2020
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Midtflua frå 2019
Naveide	Koparmålingar langs merdkant på lok. Naveide frå 2019
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Naveide frå 2017
Ramsvik	Koparmålingar langs merdkant på lok. Ramsvik frå 2018
Sandvik	Koparmålingar langs merdkant på lok. Sandvik frå 2018
Skaftå	Koparmålingar langs merdkant på lok. Skaftå frå 2018
Stolane	Koparmålingar langs merdkant på lok. Stolane frå 2018
Storskrebukti	Koparmålingar langs merdkant på lok. Storskrebukti frå 2018
Stualand	Koparmålingar langs merdkant på lok. Stualand frå 2018
Tepstad	Koparmålingar langs merdkant på lok. Tepstad frå 2018

Manglande innrapportering til Altinn av rapportane i tabellane over er konstatert på bakgrunn av data lagt inn på lokalitetane i Vannmiljø, rapportar som er sendt inn til Statsforvaltaren i samband med søknader eller anna, eller frå gjennomgangen av den enkelte lokalitet på tilsynet.

Dersom verksemda har rapportar frå fleire miljøgranskingar enn det som vart gjennomgått på tilsynet og er lista opp i tabellane over (til dømes støykartleggingar, kartlegging av sårbart naturmangfald, strandsonegranskingar, straummålingar eller koparmålingar i sedimentet), skal også desse rapporterast inn til Altinn.

- **Rådata** frå følgjande miljøgranskingar var ikkje innrapporterte til **Vannmiljø** i samsvar med krav i løyve og andre føringar frå Statsforvaltaren på tidspunktet for tilsynet:

Angelskår	Koparmålingar langs merdkant på lok. Angelskår frå 2018
Bognøy	Koparmålingar langs merdkant på lok. Bognøy frå 2018
Buholmen	C-undersøking på lok. Buholmen frå 2014
Djupevika, Kvinnherad	C-undersøking på lok. Djupevika frå 2015
	C-undersøking på lok. Djupevika frå 2014
Djupevika, Tysnes	C-undersøking på lok. Djupevika frå 2018

Flatøyflu	C-undersøking på lok. Flatøyflu frå 2014
	Koparmålingar langs merdkant på Flatøyflu frå 2018
Gjengane	C-undersøking på lok. Gjengane frå 2018
	C-undersøking på lok. Gjengane frå 2013
Grasholmen	C-undersøking på lok. Grasholmen frå 2018
	C-undersøking på lok. Grasholmen frå 2014
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Grasholmen frå 2018
Hestabyneset	C-undersøking på lok. Hestabyneset frå 2016
Kvernavika	C-undersøking på lok. Kvernavika frå 2018
Kyrholmen S	C-undersøking på lok. Kyrholmen S frå 2014
Ramsvik	C-undersøking på lok. Ramsvik frå 2014
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Ramsvik frå 2018
Rongøy	C-undersøking på lok. Rongøy frå 2013
Sandvik	C-undersøking på lok. Sandvik frå 2018
	C-undersøking på lok. Sandvik frå 2014
	C-undersøking på lok. Sandvik frå 2013
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Sandvik frå 2018
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Sandvik frå 2017
Sauøy	C-undersøking på lok. Sauøy frå 2018
Skaftå	C-undersøking på lok. Skaftå frå 2018
	C-undersøking på lok. Skaftå frå 2014
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Skaftå frå 2018
Skorpo	C-undersøking på lok. Skorpo frå 2014
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Skorpo frå 2018
Skorpo NV	C-undersøking på lok. Skorpo NV frå 2014
Stolane	Koparmålingar langs merdkant på lok. Stolane frå 2018
Storevikholmen	C-undersøking på lok. Storevikholmen frå 2018
Storskrebukti	C-undersøking på lok. Storskrebukti frå 2018
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Storskrebukti frå 2018
Stualand	Koparmålingar langs merdkant på lok. Stualand frå 2018
Tepstad	C-undersøking på lok. Tepstad frå 2018
	C-undersøking på lok. Tepstad frå 2014
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Tepstad frå 2018

Alle rådata er av interesse for innlegging i Vannmiljø, men det er rådata frå dei siste ti åra som har mest verdi som grunnlag for klassifisering av miljøtilstanden i vassførekomstane. Det er difor berre rådata frå miljøgranskningar dei siste ti åra som er tatt med her.

Registrering av kopar- og sinkdata for målingar som vert gjort langs merdkant/ inne i anleggsområdet, kan leggest på eitt felles punkt i Vannmiljø.

Dersom verksemda har fleire miljøgranskingsdata enn det som kom fram på tilsynet, skal også desse rapporterast inn til Vannmiljø.

- **Internkontrollrutinane hjå Lerøy Vest AS og Sjøtroll Havbruk AS** har ikkje fanga opp brot på fristar eller manglande gjennomføring eller innrapportering av miljøgranskingar som løyva har sett vilkår om. Samla sett er det mange brot på vilkåra som gjeld innrapportering av miljøovervaking på verksemda sine lokalitetar.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Måling av kopar og sink i C-undersøkingar

I dei fleste av miljøgranskingane som er utført på Lerøy og Sjøtroll sine lokalitetar dei siste åra, har konsulenten målt kopar berre på C1-stasjonen, og sink er ikkje målt på nokon av stasjonane. Dette er for så vidt i tråd med minimumstolkinga av NS 9410.

I nyare løyve (t.d. Djupestallen, Gjengane og Skjerholmen frå 2020) er det presisert at kopar skal målast på alle C-stasjonane i C-undersøkingar. Vi har også sendt ut eit brev til alle oppdrettarar i fylket no i haust, som m.a. presiserer at Statsforvaltaren vil sette krav om at både kopar- og sinknivå i sedimentet skal overvakast på alle C-stasjonane.

Merknad 2: Miljøgranskingar som ikkje er gjennomført eller rapportert til Altinn og Vannmiljø, men der løyvevilkår er av eldre dato og ikkje heimlar avvik

I dei eldste løyva er ikkje vilkår om kopargranskingar med, og det er lite eller manglande omtale av innrapportering av miljøgranskingar og miljødata. I gjennomgangen av dei enkelte lokalitetane fann vi fleire lokalitetar som ikkje har gjennomført eller rapportert inn kopargransking langs merdkant, og fleire miljøgranskingar der rapportar og data ikkje er innrapportert til Altinn og/eller Vannmiljø. Løyva på lokalitetane heimlar ikkje avvik. Desse miljøgranskingane bør gjennomførast og rapporterast inn, på same måte som på resten av Lerøy og Sjøtroll sine lokalitetar i Vestland.

Lokalitetar som ikkje har undersøkt koparnivå i sedimentet langs merdkant:

- Buarøy, Djupevika (Kvinnherad), Djupevika (Tysnes), Grimsholmen, Gulholmen, Kvernavika, Ramsøy S, Raunevågen, Skorpo NV, Storoksen, Trælsøyosen, Tveitnesvik og Ålforo

Manglande Altinn-rapportering:

Blom	Koparmålingar langs merdkant på lok. Blom frå 2018
Kyrholmen S	Kartlegging av sårbart naturmangfald på lok. Kyrholmen S
Flatøyflu	Kartlegging av sårbart naturmangfald på lok. Flatøyflu
Tobbeholmane	Kartlegging av sårbart naturmangfald på lok. Tobbeholmane
Hestabyneset	Kartlegging av sårbart naturmangfald på lok. Hestabyneset
Gjengane	Kartlegging av sårbart naturmangfald på lok. Gjengane

Manglande Vannmiljø-rapportering:

Blom	C-undersøking på lok. Blom frå 2018
	C-undersøking på lok. Blom frå 2014
	Koparmålingar langs merdkant på lok. Blom frå 2018
Buarøy	C-undersøking på lok. Buarøy frå 2014
Storoksen	C-undersøking på lok. Storoksen frå 2015
	C-undersøking på lok. Storoksen frå 2014
Tobbeholmane	C-undersøking på lok. Tobbeholmane frå 2018

Merknad 3: Innrapportering av strømmålingar til Altinn

Statsforvaltaren har ikkje tilgang til straumrapportar som vert rapportert inn til NYTEK-databasen, og det ligg ikkje an til at vi får det i nærmaste framtid. Strømmålingar er viktig støtteparameter for å vurdere metodikk og resultat av m.a. C-undersøkingar. Inntil det vert betre deling av data mellom sektormyndigheitene, er det nyttig at relevante straumrapportar vert rapportert inn til Altinn.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

9. Andre forhold

- **Bruk av koparbasert notimpregnering:** Lerøy og Sjøtroll held på med å fase ut koparhaldig notimpregnering, med mål om koparfrie nøter på alle lokalitetar innan 2025.
- **ASC-sertifisering:** Lerøy og Sjøtroll har sertifisert 10 av sine lokalitetar etter Aquaculture Stewardship Council (ASC) sine krav til akvakulturanlegg med produksjon av laksefisk.
- **Avfallsplanar i hamner:** Lerøy og Sjøtroll har avfallsplanar for sine hamner, jf. forureiningsforskrifta kapittel 20, som er godkjente i 2022.